Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4 | Fylke: N. Trøndelag
Tilleggsspørsmålnr. 7 | Herad: Harran
Emne: Skav | Bygdelag:
Oppskr. av: Ola Ustad | Gard: Ustad
(adresse): Gartland | G.nr. 35 Br.nr. 1 & 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i bygda var det så sjelden at ein selde eller kjøpte krøtter om våren at nokon skilnad i pris anten dei var fora med skav eller ikkje hev ein ikkje høyrt om.
2. Noko sovow hev ein heller ikkje høyrt om.
3. Tvertimot, skav vart helst rekna som eitslag kraftfor. Mjølkja vart rekna heller kraftigare når ein fora med skav. Serskilt vart smøret gult og fint som sommarsmør.
4. Å seie kor mykje det vart skavi på kvar gard kan ein ikkje. På kvar gard der det var skavskog d.v.s. rogn vart det som regel skavi meir eller mindre ettersom ein hadde fått meir eller mindre høy om hausten.
Serleg om ein hadde kyr som kalva tidleg om vinteren. Det vart halde for uheldig å ha kyr som kalva om hausten eller vinteren. Ein fekk som regel ikkje stort mjølk av dei.
5. Nokka anna verkty enn lauvkniven til å skava med veit ein ikkje om. Ein hev likevel her i bygda eit

9178

verkty som kallast skavvel. Det er eit verkty ein brukar å hola ut trågg med.

6. Skavljå hev ein ikkje høyrt um.

7. At nokon som ikkje hadde skavskog kjøtte eller leigde skavskog hev ein ikkje høyrt om.

8. Deling av samnig-skog hev ikkje vore gjort, det ein veit, i gammal tid.

9. Nokon ein kan kalla ålmenning hev her ikkje vore.

10. Her hev vore så få husmenner at ein veit ikkje mykje um korleis det var med retten til skav. Truleg vart det spurt for kvar gong.

11. Ordet skavhella er ikkje kjent.

12. Noko slik tru hev ein ikkje høyrt um.

9178

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING